



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 15/8734-36

## **Forskottering av midlar til reguleringsplan for Atløysambandet**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Askvoll kommune får løyve til å forskottere midlar til arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet i 2018.
2. Forskoterte midlar vil bli tilbakebetalt til kommunen i 2021.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtalen med kommunen.

**Vedlegg:**

Søknad frå Askvoll kommune datert 8.6.2018 om forskottering til vidare planlegging Atløysambandet.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Aksvoll kommune har i brev datert 8.6.2018 (vedlagt) søkt om å forskottere midlar til arbeid med reguleringsplan for Atløysambandet. Søknaden gjeld forskottering av kostnader til reguleringsplan-arbeid i 2018. Det er lagt opp til at Statens vegvesen skal vere ansvarleg for planarbeidet.

Andre opplysninger

FT har i sak 59/10 gitt retningslinjer som skal ligge til grunn for forskottering på fylkesveg:

- 1 Følgjande retningslinjer skal leggjast til grunn for forskottering på fylkesveg:
  - a) Det kan gjevast løyve til forskottering av investeringsprosjekt under føresetnader av at:
    - prosjektet er prioritert i handlingsprogram for fylkesvegnettet /
    - det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet
  - b) Det kan gjevast løyve til forskottering av planleggingsmidlar under føresetnad av at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet.
  - c) Forskotterar skal vere ansvarleg for å forskottere midlar utan opphold etter rekvisisjon frå fylkeskommunen slik at føresett framdrift i prosjektet kan haldast.
  - d) Forskotteringen skal omfatte heile prosjektkostnaden inkludert :
    - plan og prosjekteringskostnader
    - prisstigning
    - eventuell anna kostnadsauke i byggeperioden på inntil 10 pst. av samla prosjektkostnad
  - e) Forskotteringssummen skal refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån

- f) Refusjon av forskottet skal skje når prosjektet kjem i løvingsposisjon i det vedtekne handlingsprogrammet. Ved ein ev. større reduksjon i det samla framtidige handlingsrommet for fylkesveginvesteringar kan refusjonstidspunktet skyvast ut i tid i inntil 2 år.
- g) Det skal til ein kvar tid vurderast om omfanget av forskotteringer er rimeleg i høve til dei samla rammene til fylkesveginvesteringar og i høve til at omfanget ikkje skal legge urimeleg press på kapasiteten til planlegging og på anleggsbransjen.

2 Det ligg til fylkestinget å inngå forskotteringsavtalar.

I FT-sak 5/11 gjorde fylkestinget vedtak om at saker som gjeld forskottering av planleggingsmidlar vert delegert frå fylkestinget til fylkesutvalet.

Retningslinjene for forskottering (pkt. 1b) opnar for at kommunen kan få løyve til å forskottere midlar til planlegging til dette prosjektet.

FT vedtok i sak 8/18 Planleggingsprogram for fylkesvegnettet 2019-21. I planleggingsprogrammet er det lagt inn løyving på 2 mill. kr til prosjektet i perioden 2019-2021, jf. og pkt. 3 i vedtaket:

*Fylkestinget legg til grunn at arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet vert starta opp i 2019 med fullføring innan 2021.*

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Statens vegvesen (SVV) har sagt at det er mogleg å starte opp arbeidet med reguleringsplandersom fylkeskommunen ønsker dette. Det kan vere ein viss risiko for at dette kan føre til at andre prosjekt må skyvast ut i tid eller at ein må nytte noko meir konsulenthjelp enn det som er planlagt. Dersom det skulle syne seg at det blir vesentlege konsekvensar for framdrift i vedtekne prosjekt, vil fylkesrådmannen kome tilbake til dette.

SVV har ikkje leia planarbeidet så langt. Det er behov for å setje seg grundigare inn i kommuneplanen og dei utgreiingane og undersøkingane som er utført før ein kan seie noko sikkert om kostnad og framdrift. Førebels kan vi anslå ca. eitt år til utarbeiding av reguleringsplan og deretter følgjer planprosessen i kommunen. Normalt tek dette i underkant av eitt år. Førebels kostnad med planarbeidet er vurdert å vere om lag 3 mill. kr.

Vidare må det med grunnlag i godkjent reguleringsplan gjennomførast ein KS2-prosess (ekstern kvalitetssikring av styringsgrunnlag og kostnadsoverslag) før fylkestinget kan behandle ein søknad om ferjeavløysingsmidlar.

Fylkesrådmannen syner til at søknaden frå Askvoll kommune stettar krava i retningslinjene for forskottering.

Prosjektet ligg med løyving i planleggingsprogrammet i perioden 2019-2021, og det er såleis naturleg at fylkeskommunen overtek finansieringa av prosjektet frå 2019.

I følgje retningslinjene skal refusjon av forskotteringssummen skje når prosjektet kjem i løvingsposisjon. Det er ut frå dette naturleg at midlane vert refundert kommunen i 2021.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at søknaden om forskottering vert støtta og at Askvoll kommune får moglegheit til å forskottere planmidlar til prosjektet i 2018. Forskoterte midlar vil bli tilbakebetalt til kommunen i 2021.